Brønnøysundregistrene

# Årsregnskap for regnskapsåret 2012

Organisasjonsnr: 981 091 736
Navn/foretaksnavn: DALE JAKT OG FISKARLAG

Brønnøysundregistrene
02.06.2026

**Brønnøysundregistrene**
Postadresse: 8910 Brønnøysund
Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05
E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no
Organisasjonsnummer: 974 760 673

Brønnøysundregistra – Rekneskapsregisteret

## VEDLEGG TIL ÅRSREKNESKAP 2012

| | | |
|---|---|---|
| DALE JAKT OG FISKARLAG<br>Postboks 30<br>5721 DALEKVAM | Organisasjonsnr.<br>981 091 736 | FLI<br>FRIV |

| Registrerte opplysningar per 18.02.2013 | | Eventuelle endringar dette rekneskapsåret | |
|---|---|---|---|
| Startdato | Avslutningsdato | Startdato | Avslutningsdato |
| 01.01.2012 | 31.12.2012 | | |
| Konsernforhold<br>Foreiningar som følgjer reglane for frivilleg verksemd, kan ikkje vere morselskap | Morselskap<br>NEI | Endring av konsernforhold<br>☐ Morselskap | ☐ Ikkje morselskap |

**Berre for aksjeselskap som har meldt fråval av revisjon**

Selskapet har beslutta at årsrekneskapen ikkje skal reviderast ☐ Ja

Årsrekneskapen er utarbeidd av ekstern autorisert rekneskapsførar ☐ Ja

Ekstern autorisert rekneskapsførar har i løpet av rekneskapsåret støtta ved den løpande rekneskapsføringa eller utført andre tenester for selskapet enn å utarbeide årsrekneskapen ☐ Ja

**Årsrekneskapen er sett opp etter reglane for frivillig verksemd** — Avkryssing er berre aktuelt for foreiningar (FLI) som er registrert i Frivilligregisteret

**Dersom eininga ikkje følgjer norsk rekneskapslov, eller frivilligregisterlova, kryss av** ☐ IFRS selskap ☐ IFRS konsern

**Dersom eininga vel å avvike frå rekneskapslova § 6-1, kryss av** ☐ Funksjon selskap ☐ Funksjon konsern

**Blir rekneskapsreglane for små føretak følgde?** ☒ Ja ☐ Nei

**Eg stadfestar at den vedlagde årsrekneskapen er fastsett av kompetent organ den** Dato 4/3-13

**Stad/dato, Underskrift av representant for eininga** Dalekvam, Inge Sandven

Vedl.

**Berre til bruk for Rekneskapsregisteret**

G ☒ NYVE ☐ Admr ☐ Kregn Ja ☐ Nei ☐ Aktiv. regn ☒

M ☒ Rets ☐ Ant.s 23

| ov.b | årsb | res | bal | e.bal | gj.bal | rev | i-rev | k-res | k-bal | k-n | k-rev | i-k-rev | n |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| ☐ | ☐ | ☒ | ☒ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

| k-regn | kto | d.k | ik-fv | konsf | ifrs | fr-rev | | | | | funk | u.off | brev |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

BR-1001-11

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Aktivitetsregnskap for Dale Jakt og Fiskarlag** | | **2012** | |
| **1. Anskaffende midler:** | | **Kr** | |
| a) Medlemsinntekter: | | 10720,00 | |
| b) Tilskot | | 1674800,00 | |
| c) Innsamlede midler, gaver mv.: | | 0,00 | |
| d) Inntekter frå operasjonelle aktiviteter: | | 588930,29 | |
| e) Finansinntekter: | | 34908,93 | |
| f) Andre inntekter | | 29960,95 | |
| | Sum | 2339320,17 | |
| **2. Forbrukte midler:** | | | |
| a) Kostnader knyttet til anskaffelse av midler: | | 0,00 | |
| b) Kostnader knyttet til organisajonsens formål: | | 670217,71 | |
| c) Administrasjonskostnader: | | 23368,20 | |
| | Sum | 693585,91 | |
| **3. Årets akvitetsresultat** | | | |
| Overskot | | 1645734,26 | |
| **4. Auke av eigenkapital** | | | |
| a) Grunnkapital | | 0,00 | |
| b) Annen eigenkapital | | 1645734,26 | |
| | Sum | 1645734,26 | |
| Tala er henta frå vedlegg 1 | | | |
| | Dale/Vaksdal 15/1-13 | | |
| Revisor | Kasserar | | Revisor |
| Arne Laastad | Odd Rune Hvidsten | | Stian Jordalen |

**BALANSE 2012 FOR DALE JAKT OG FISKARLAG**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | **1. Eigendeler** | | | **2. Eigenkapital og gjeld** | |
| **a) Anleggesmidler** | Kr | Kr | **a) Egenkapital** | | Kr |
| **I. Immaterielle eigendeler:** | | | **I. Grunnkapital:** | | |
| Dale klekkeri | 2033000 | | **II. annan egenkaptal:** | | 4880138,91 |
| Innbo, lauseøre og div. utstyr | 964000 | | | | |
| Skyttarhus | 110000 | | | | |
| Utkastar | 45000 | | | | |
| | Sum | 3152000 | | | |
| **II. Bevaringsverdige eigendeler:** | | 0 | | | |
| **III. Andre driftsmidler:** | | 0 | | | |
| **IV. Finansielle anleggsmidler:** | | 0 | | | |
| | | | | | |
| **b) Omløpsmidler** | | 0 | **b) Gjeld** | | |
| **I. Beholdninger:** | | 0 | **I. Avsetninger for forpliktelser:** | | 0,00 |
| **II. Fordringer:** | | 0 | **II. Annen langsiktig gjeld:** | | 0,00 |
| **III. Investeringer:** | | 0 | **III. Kortsiktig gjeld:** | | 0,00 |
| **IV. Bankinnskot, kontanter og lignende:** | | | | | |
| Kontantbeholdning | 593,48 | | | | |
| Sparebanken Vest brukskonto | 1473976,07 | | | | |
| Sparebanken Vest høgrentekonto | 228478,6 | | | | |
| Postgiro | 25090,76 | | | | |
| | Sum | 1728138,91 | | | |
| | | | | | |
| | Total | 4880138,91 | | Total | 4880138,91 |

Note 1
Det er brukt regnskapspinsipper for frivillege lag
Note 2
Andre opplysningar som ikkje framgår av rekneskapet - ingen.
Note 3
Laget har ingen tilsette, alt arbeidet vert utført på dugnad
Note 4
Medlemstalet ved årets slutt 175 personar
Note 5.
Det er utført 1888 dugnadstimar i 2012

Dale/Vaksdal 15/1-13

| | | |
|---|---|---|
| Revisor | Kasserar | Revisor |
| Arne Laastad | Odd Rune Hvidsten | Stian Jordalen |

**DALE JAKT & FISKARLAG**
Postboks 30, 5721 Dalekvam
djf@djf.no www.njff.no/dale

Brønnøysundregistera
Regnskapsregisteret
8910 Brønnøysund

Vaksdal 4/3-13

Vedr.: Regnskap og balanse for Dale Jakt og Fiskarlag – 2012

Viser til pkt 19 i Frivilligregisteret.
Etter råd frå Annlise Moen sender vi Aktivitetsrekneskap og balanse for Dale jakt og Fiskarlag på nytt, årsmeldingar og val for 2012 er også lagt ved.

Med helsing
For Dale Jakt og Fiskarlag

Inge Sandven
Form.

Organisasjonsnr.: 981 091 736

# Årsmelding 2012 For Jaktutvalet.

I samsvar med Dale Jakt- og Fiskarlag § 11pkt.5 avgir jaktutvalet melding til styret om arbeidet til utvalet i 2012

Jaktutvalet har i 2012 hatt følgjande samansetning.

Formann: Harald Lyngmo
Nesteform.: Idar Tveiterås
Medlem: Erik Tveiterås
Medlem: Trond Erik Faugstad
Medlem: Morten Farestveit
Medlem: Terje D. Kvamme
Medlem: Frode Brattebø
Medlem: Geir Magne Ulveseth
Vara med.: Kåre Ulveseth

**Leirduebana:**
Bana i Nordalen har i år hatt god aktivitet. I tillegg til laget sine medlemar har medlemar frå Voss JF også nytta bana. Dette har skap god omsetning og aktivtet Nordalen. I tillegg har bana vore leigd ut til Voss Folkehøgskule , 1 jegerprøvekurs i regi av Voss Jf Vossingane har og hatt ein kveld berre for damer og sitt lagsmeisterskap på bana. I tillegg har vi leigd ut bana til fleire private arrangement og Dale ungdomsskule, ein gong. Ulike personar i utvalet har hatt vaktar under desse skytingane. Dale JF har hatt eit jegerprøve kurs på bana.

Bana gjekk i år med underskot. Hovudsakleg p.g.a utgifter til bom som vart sett opp etter innbrot. Litt verdiar i ammunisjon forsvart og i samband med innbrotet. Nye låsar måtte og settast inn.

Laget har hatt 15 kveldar med organisert skyting, i perioden frå 15. mai til 11. september.

Vaktordninga på skytekveldar har fungert bra.

**VM i leirdueskyting 4. september:**
11.deltakarar. Vant gjorde Trond Erik Faugstad 20 treff
Nr.2. Atle Terjesen 19 treff og nr.3 Jan Aage Knutsenm19 treff

**Hjortejakta**:
For fyrste gong varte jakta frå 1.sep -23.des.
Truls Langehelle og Jan Søvik vart i år trekt ut på hjortejakta. Begge fekk fella dyr.
Kvota var ei år også på 16 dyr. Alle vart felt. Dyra var jamt over i godt hold.
Inge Sandven var også i med på hjortejakta som filmfotograf.
Laget hadde ettersøksavtale med Harald Lyngmo og hunden Kiri. Eit kortare ettersøk vart gjennomført med funn.

**Jegerprøven**:
Harald Lyngmo hadde i april-mai jegerprøvekurs i regi av DJF. 5 gjennomførte kurset, alle menn, og alle klarte eksamen sjølv om to måtte ha to forsøk. Delar av dette kurset vart avvikla i Nordalen/Dale.
Som vanleg har vi eit godt samarbeid med Vaksdal og Modalen skyttarlag og Jan Aage Knutsen til rifleskytinga i samband med jegerprøven.
Harald Lyngmo har fornya godkjenninga si som jegerprøveinstruktør fram til 2017.
Laget bør utanna minst ein ny instruktør.

Harald Lyngmo

**DALE JAKT & FISKARLAG**
Postboks 30, 5280 Dalekvam.

# ÅRSMELDING FOR KLEKKERIET

Yngel/smolt sett ut fra klekkeri i 2012.

Det er sett ut 18 650 smolt i alt , og av dei er 9800 sett ut på Stanghelle og 8850 sett ut på Hylkje. Smolten er slept frå Dalevågen til Stanghelle og Hylkje. Smolten er sett ut i tida 18.05-24.06.2012. Halvparten av smolten er vaksinert og gitt beskyttelse mot lakselus.

Rognplanting i resttilsiget totalt i 2012: 77700 egg
Plommesekkyngel i resttilsiget: 2012: 52000 yngel

Takker vaktene for året som er godt....

Desse har våre med i nemda Formann: Øystein Sellevold
Varaformann: Benjamin Sellevold.
Bjarte Eidsnes
Idar Tveiterås.
Frode Brattebø.
Jan Åge Knutsen.
Gunnar Jakobbson.
Roger Bruvik.
Even Tveiterås

Reserve Geir Ulveseth
Sture Larsen
Svein Ødegård.

For klekkerinemda
Øystein Sellevold

# ÅRSMELDING FOR STAMFISKNEMDA 2012

Desse har vore med i nemnda: Formann: Åsmund Karlsen, Arne Sandven
Varaformann: Gunnar Jakobsson, Gunnar Bakke
Inge Sandven, Odd Rune Hvidsten
Øystein Sellevold, Rolf Sæterdal

Stamfiske i Daleelva gjekk føre seg i frå starten av juni til ut i september.

Stamfisk totalt: 45 laks og 15 sjøaure

Strokne laks til klekkeri og rognutlegging: 35 laks i alt: 19 ho og 16 han
Strokne sjøaure til rognutlegging: 15 sjøaure i alt: 10 ho og 5 han

I tillegg blei 2 oppdrettslaks avliva.

10 villaks blei ikkje brukt og sett ut igjen i elva.

All stamfisk som er brukt og der rogna er lagt inn i klekkeriet er stamfisken godkjent av veterinær. Laksen blei avliva etter stryking og veterinærundersøkt.

Stamfisken blei stroke tida 02.11 - 16.11.2011.

Innlagt i klekkeri: Laks: 25 l eller ca. 143 000 rognkorn
8,5 l rogn blir nytta til smoltproduksjon og 16.5 l til rognutlegging.

Sjøaure til rognutlegging: 1,5 l sjøaure eller ca. 9 000 rognkorn.

All rogna blei behandla med buffodin etter befruktning. På augerognstadiet blei all rogna behandla med buffodin på nytt.

For stamfisknemda

Åsmund Karlsen

# ÅRSMELDING FRÅ ELVASTYRET 11/12

## Styrets sammensetning:

Formann: Geir Ulveseth

Nestform: Trine Simmenes

Medlem: Rune Karlsen

Tore Ulveseth

Vara: Terje D Kvamme

Det er utført 1680 dugnadstimer i 2011/12 sesongen. Elvestyret oppfordrer alle medlemer av Dale Jakt & Fiskarlag til å stille på dugnader i elva.

## Fangstrapport:

Sjå vedlagt fangstskjema 2012

MVH

Geir M Ulveseth

Formann

| | | | Avliva | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 | | | | Laks | | | | | | | | |
| | | Under 3 kg | | Mellom 3 og 7 kg | | Over 7 kg | | Sjøaure | | Sjørøye | | Total |
| Veke nr. | Dato | Tal på fisk | Samla vekt | Tal på fisk | Samla vekt | Tal på fisk | Samla vekt | Tal på fisk | Samla vekt | Tal på fisk | Samla vekt | vekt |
| | Juli | | | | | | | | | | | |
| 26 | 1 | 2 | 3,2 | 3 | 11,7 | 1 | 8 | 6 | 7,9 | | 0 | 30,8 |
| 27 | 2-8 | 3 | 5,7 | 10 | 49,04 | 2 | 17,5 | 17 | 21,08 | | 0 | 93,32 |
| 28 | 9-15 | 3 | 2,4 | 5 | 22,66 | 3 | 24,95 | 10 | 8,19 | | 0 | 58,2 |
| 29 | 16-22 | 4 | 6,6 | 8 | 34,35 | 1 | 10,9 | 8 | 9,2 | | 0 | 61,05 |
| 30 | 23-29 | 7 | 9,15 | 11 | 53,1 | 7 | 58,7 | 14 | 14,1 | | 0 | 135,05 |
| 31 | 30-31 | 1 | 1,1 | 1 | 4,5 | | 0 | 2 | 1,3 | | 0 | 6,9 |
| | August | | | | | | | | | | | |
| 31 | 1-5 | 5 | 6,2 | 4 | 16,76 | 1 | 10,16 | 2 | 4,81 | | 0 | 37,93 |
| 32 | 6-12 | 2 | 3 | 5 | 25,68 | 1 | 7,5 | 5 | 3,45 | | 0 | 39,63 |
| 33 | 13-19 | 5 | 4,42 | 6 | 28,05 | | 0 | 14 | 15,4 | | 0 | 47,87 |
| 34 | 20-26 | 8 | 8,42 | 4 | 18,67 | | 0 | 16 | 14,34 | | 0 | 41,43 |
| 35 | 27-31 | 1 | 1,9 | 2 | 9,7 | | 0 | 8 | 12,4 | | 0 | 24 |
| | September | | | | | | | | | | | |
| 35 | 1-2 | 1 | 1,86 | | 0 | | 0 | 4 | 3,24 | | 0 | 5,1 |
| 36 | 3-9 | 3 | 6,15 | 2 | 10,2 | 2 | 19,2 | 16 | 11,94 | | 0 | 47,49 |
| 37 | 10-14 | | 0 | 1 | 5,1 | 1 | 7,5 | 44 | 41,85 | | 0 | 54,45 |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| Sum | | 45 | 60,1 | 62 | 289,51 | 19 | 164,41 | 166 | 169,2 | 0 | 0 | 683,22 |
| Antal laks total: | | 126 | | | | | | | | Regnbogeaure | | |
| Samla vekt laks: | | 514,02 | Gj.sn. vekt: | 4,08 | | Gj.sn. vekt sjøaure: | | 1,02 | | | | |
| Samla vekt laks/sjøaure/sjørøye: | | | 683,22 | | | | | | | | | |

| | | | Gjennutsett | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 | | | | Laks | | | | | | | | |
| | | Under 3 kg | | Mellom 3 og 7 kg | | Over 7 kg | | Sjøaure | | Sjøye | | Total |
| Veke nr. | Dato | Tal på fisk | Samla vekt | Tal på fisk | Samla vekt | Tal på fisk | Samla vekt | Tal på fisk | Samla vekt | Tal på fisk | Samla vekt | vekt |
| | Juli | | | | | | | | | | | |
| 26 | 1 | 4 | 5,7 | 12 | 53 | | 0 | | 0 | | 0 | 58,7 |
| 27 | 2-8 | 8 | 18 | 16 | 73,7 | 6 | 50 | 13 | 15,6 | | 0 | 157,3 |
| 28 | 9-15 | 6 | 9,9 | 6 | 26,5 | 1 | 7,5 | 2 | 1,9 | | 0 | 45,8 |
| 29 | 16-22 | 6 | 9,3 | 10 | 46,8 | | 0 | 5 | 5,7 | | 0 | 61,8 |
| 30 | 23-29 | 4 | 7,6 | 19 | 87,1 | 5 | 38,5 | 2 | 1,6 | | 0 | 134,8 |
| 31 | 30-31 | 6 | 8,3 | 2 | 6 | 2 | 15 | | 0 | | 0 | 29,3 |
| | August | | | | | | | | | | | |
| 31 | 1-5 | 9 | 16,5 | 4 | 15 | 1 | 7 | 2 | 1,1 | | 0 | 39,6 |
| 32 | 6-12 | 11 | 20,5 | 2 | 8 | | 0 | 1 | 0,9 | | 0 | 29,4 |
| 33 | 13-19 | 7 | 10,4 | 5 | 25 | | 0 | 4 | 2,8 | | 0 | 38,2 |
| 34 | 20-26 | 8 | 13,4 | 6 | 26,5 | 1 | 8,5 | 6 | 6,15 | | 0 | 54,55 |
| 35 | 27-31 | 4 | 9,5 | 7 | 30,4 | 2 | 14,5 | 2 | 1,4 | | 0 | 55,8 |
| | September | | | | | | | | | | | |
| 35 | 1-2 | 1 | 2 | | 0 | 1 | 10,5 | | 0 | | 0 | 12,5 |
| 36 | 3-9 | 4 | 8,3 | 8 | 39 | 4 | 32,5 | 7 | 5,2 | | 0 | 85 |
| 37 | 10-14 | 5 | 9,5 | 6 | 26,3 | 2 | 16 | 66 | 65,15 | | 0 | 116,95 |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| Sum | | 83 | 148,9 | 103 | 463,3 | 25 | 200 | 110 | 107,5 | 0 | 0 | 919,7 |
| Antal laks total: | | 211 | | | | | | | | | | |
| Samla vekt laks: | | 812,20 | Gj.sn. vekt: | 3,85 | | Gj.sn. vekt sjøaure: | | 0,98 | | | | |
| Samla vekt laks/sjøaure/sjøye: | | | 919,70 | | | | | | | | | |

# ÅRSMELDING FRÅ HYTTENEMNDA 2012

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | : | Terje Danielsen Kvamme |
| N.leiar | : | Kåre Ulveseth |
| Medlem | : | Arne Laastad |
| Medlem | : | Amund Vikøren |
| Medlem | : | Sigbjørn Dale |
| Vara | : | John Endre Fossmark |

Framleis lite nytta. Gode mogelegheiter til godt fiske.
Utlånsnøkkel hjå Dale Trafikksenter.
Fri leige for lagets medlemmer.

Dalekvam, 1. februar 2013

Terje Danielsen Kvamme

Innkomne forslag til årsmøtet:

Sak 1.

Eg foreslår at det vert opna for fiske med to stenger i vise soner i Daleelva mot at ein betalar ekstra for dette.
Ofte har ein med vener og familie som er over 16 år.
Dersom ein ekstra person kan fiska, vil dette vera positivt for å få ungdommar og damer med på å fiska i samme sona.
Mange soner i Daleelva er store og det er god plass til fleire stenger. For å fremja fiskeinteressa og få rekruttering er dette viktig tiltak.
Mvh Sveinung klyve , Dale 17.1.2013

Sak 2.

Dei siste 3 åra har me hatt mykje nedbør i frå midten av august og ut september. Dette har ført til att store mengder laks og sjøaure har teke turen opp forbi smoltfella og opp mot gjelet. I denne delen av elva er fisket gratis for alle som er medlem av DJF, her er heller ingen registreringsplikt av fangst, noko som gjer ting litt for fritt.

Mitt forslag er att det vert innført fiskekort for resttilsiget, 200 kr for sesongkort ville vore ein fin symbolsk pris. Kortet må ha leveringsfrist slik som korta som gjeld for hovudelva. Eg trur dette vil være eit bra tiltak for å få meir kontroll på fisket som foregår oppstraums smoltfella.

Mvh Olav H Hatlestad, 14/1-2013

Styret har handsama forslaga på styremøte 22/1-13 og har gjort fylgjande einstemmige tilråding til årsmøtet:

Sak 1.

Styret er svært opptekne av at fiskereglane skal vera einsarta og lettfattlege for heile Daleelva. 2 stenger i nokre sonar vil gjera oppsynet vanskeligare og det kan lett oppstå missforståingar. Omsynet til dei som sel fiskekort er også viktig. Dale trafikksenter sel fiskekort gratis for laget, og for dei må reglane vera enkle. Styret er oppteken av opplæring og rekruttering og vil utvida kort ordninga. I dag står det: «Born under 16 år fiskar gratis i fylgje med kort innehavar» Ny tekst: **«Born under 16 år og damer fiskar gratis i fylgje med kort innehavar. Husk at alle over 16 år må betale fisketrygd».**

Sak 2.

«Styret er einig med forslag stiller at rapporteringa frå resttilsiget er for dårleg. For å bøta på dette vert det innført sesongkort for resttilsiget fra og med 2013. Pris kr 200,- for vaksen og kr 100,- for junior. Det vil verta sett opp info på området»

For styret

Inge Sandven

**DALE JAKT & FISKARLAG**
Postboks 30, 5721 Dalekvam
djf@djf.no www.djf.no

**Retningslinjer for valnemnda.**

- **Dei i styret som står på val, skal spørjast om dei tek attval.**
- Har valstyret fleire kandidatar til same verv, skal årsmøtet avgjerda dette med avstemming etter vanlege stemmereglar i samsvar med §9 i vedtektene.
- Val av nye medlemar i andre verv, bør vera spurde på førehand. Medlemar pliktar å ta i mot val til verv utpeika av laget, NJFF sitt styre, landsmøte eller landsstyre, men kan nekta å ta i mot verv så lang tid dei har fungert, §3 i vedtektene.
- Valnemda skal leggja fram et forslag til årsmøtet som har vore handsama i valnemnda.
- Val av nemnder og utval kan føregå ved aklamasjon dersom det ikkje føreligg fleire kandidatar til same verv.

**Styret**

| Verv | Navn | Status | Forslag fra valnemda |
|---|---|---|---|
| Formann | Inge Sandven | Ikkje på val | |
| Nestformann | Olav Hatlestad | **På val** | Attval |
| Sekretær | Gunnar Bakke | **På val** | Attval |
| Kasserar | Odd Rune Hvidsten | Ikkje på val | |
| Form. Elvestyret | Geir Ulveseth | Ikkje på val | |
| Nestform. | Trine Simmenes | **På val** | Attval |
| Form. Klekkeriestyret | Øystein Sellevold | **På val** | Attval |
| Nestform. | Benjamin Sellevold | Ikkje på val | |
| Form. Stamfisk | Åsmund Karlsen | **På val** | Attval |
| Nestform. | Gunnar Jakobsson | Ikkje på val | |
| Form. Jaktutvalet | Harald Lyngmo | Ikkje på val | |
| Nestform. | Idar Tveiterås | **På val** | Attval |

**Elvestyret**

| Verv | Navn | Status | Forslag fra valnemda |
|---|---|---|---|
| Formann | Geir Ulveseth | Ikkje på val | |
| Nestform. | Trine Simmenes | **På val** | Attval |
| Medlem | Rune Karlsen | Ikkje på val | |
| Medlem | Rune Stavnes | Ikkje på val | |
| Medlem | Tore Ulveseth | **På val** | Sveinung Klyve |
| Varamann | Terje D. Kvamme | **På val** | Attval |

**Klekkerinemnda**

| Verv | Navn | Status | Forslag fra valnemda |
|---|---|---|---|
| Formann | Øystein Sellevold | **På val** | Attval |
| Nestform. | Benjamin Sellevold | Ikkje på val | |
| Medlem | Jan Åge Knutsen | Ikkje på val | |
| Medlem | Frode Brattebø | **På val** | Attval |
| Medlem | Idar Tveiterås | **På val** | Attval |
| Medlem | Bjarte Eidsnes | Ikkje på val | |
| Medlem | Roger Bruvik | **På val** | Attval |
| Medlem | Even Tveiterås | Ikkje på val | |
| Medlem | Gunnar Jakobsson | Ikkje på val | |
| Varamann | Geir Ulveseth | **På val** | Attval |
| Varamann | Sture Larsen | | |
| Varamann | Svein Ødegård | | |

Organisasjonsnr.: 981 091 736

**DALE JAKT & FISKARLAG**
Postboks 30, 5721 Dalekvam
djf@djf.no www.djf.no

**Jaktutvalet**

| Verv | Navn | Status | Forslag fra valnemda |
|---|---|---|---|
| Formann | Harald Lyngmo | Ikkje på val | |
| Nestform. | Idar Tveiterås | **På val** | Attval |
| Medlem | Eirik Tveiterås | **På val** | Attval |
| Medlem | Geir Magne Ulveseth | Ikkje på val | |
| Medlem | Trond Erik Faugstad | **På val** | Attval |
| Medlem | Terje D. Kvamme | Ikkje på val | |
| Medlem | Jan Åge Knutsen | **På val** | Attval |
| Medlem | Jan Søvik | Ikkje på val | |
| Varamann | Kåre Ulveseth | **På val** | Attval |

**Stamfiskeutval**

| Verv | Navn | Status | Forslag fra valnemda |
|---|---|---|---|
| Formann | Åsmund Karlsen | **På val** | Attval |
| Nestform. | Gunnar Jakobsson | Ikkje på val | |
| Medlem | Gunnar Bakke | **På val** | Attval |
| Medlem | Øystein Sellevold | **På val** | Attval |
| Medlem | Inge Sandven | Ikkje på val | |
| Medlem | Odd Rune Hvitsten | Ikkje på val | |
| Medlem | Rolf Sæterdal | Ikkje på val | |
| Medlem | Arne Sandven | **På val** | Attval |

**Hyttenemnd**

| Verv | Navn | Status | Forslag fra valnemda |
|---|---|---|---|
| Formann | Terje D. Kvamme | Ikkje på val | |
| Nestform. | Kåre Ulveseth | **På val** | Attval |
| Medlem | Arne Laastad | Ikkje på val | |
| Medlem | Amund Vikøren | **På val** | Frode Eliassen |
| Medlem | Sigbjørn Dale | Ikkje på val | |
| Varamann | John Fossmark | Ikkje på val | |

**Arrangementnemnd**

| Verv | Navn | Status | Forslag fra valnemda |
|---|---|---|---|
| Medlem | Robert Lie | **På val** | Attval |
| Medlem | Øystein Sellelvold | **På val** | Attval |
| Medlem | Per Arild Lie | Ikkje på val | |
| Medlem | Ole R. Sandven | Ikkje på val | |

**Revisorer**

| Verv | Navn | Status | Forslag fra valnemda |
|---|---|---|---|
| Medlem | Arne Laastad | **På val** | Attval |
| Medlem | Stian Jordalen | Ikjke på val | |
| 1. varamann | Walter Brudvik | Ikkje på val | |
| 2. varamann | Frode Brattebø. | **På val** | Attval |

**Valnemnd for årsmøtet i DJF:**

| | 2013 | Mobil telefon |
|---|---|---|
| Formann | Frode Eliassen | |
| Medlem | Tore Wiers | |
| Medlem | Øystein Sellevold | |

Organisasjonsnr.: 981 091 736

# ÅRSMØTE 2012

DALE
J.F.L.

# ÅRSMØTET 2012

## DALE JAKT OG FISKARLAG

1. VAL AV MØTELEIAR OG REFERENT

2. REKNESKAP OG ÅRSMELDINGAR

3. VAL

4. INNKOMNE FORSLAG

MATPAUSE

**Kåseri: Tropisk fluefiske i Mexico ved Tore Wiers**

**DALE JAKT & FISKARLAG**
Postboks 30, 5721 Dalekvam
djf@djf.no www.djf.no

# ÅRSMELDING 2012.

Styret har hatt fylgjande samansetning:

| | |
|---|---|
| Formann: | Inge Sandven |
| Varaformann: | Olav ~~H. Dale~~ Hatlestad |
| Sekretær: | Gunnar Bakke |
| Kasserar: | Odd Rune Hvidsten |
| Formann klekkeriet: | Øystein Sellevold |
| Formann elvestyret: | Geir Magne Ulveseth |
| Formann stamfiskenemnda: | Åsmund Karlsen |
| Formann jaktutvalet: | Harald Lyngmo |

Medlemstalet var ved utgangen av 2012 på 175, ein liten auke i forhold til 2011.
Styret har hatt 5 styremøter og handsama 27 saker.
Aktiviteten i laget har vore stor både på skytebanen og i elva. Noko rekneskapsresultatet også viser.

**Oppgradering av Dale klekkeri.**
Stamfiskanlegget er på nærmaste ferdig. Anlegget fungerer bra. Det gjenstår å få lagt inn straum. Det er innhenta tilbod på framføring av kjølevatn frå Dale 2 til klekkeriet. Valget falt på Toft Mesterrør, totalt 850.000,-. Utviding av klekkeriet er planlagt starta våren 2013.
Vi manglar ca. 1 mill kroner for å få prosjektet fullfinansiert.

**Fangst i smoltfella.**

| År | Sjøaure | Laks |
|---|---|---|
| 2006 | 1406 | 2160 |
| 2007 | 1641 | 1497 |
| 2008 | 1619 | 2468 |
| 2009 | 2934 | 2769 |
| 2010 | 2099 | 2509 |
| 2011 | 2362 | 1613 |
| 2012 | 4551 | 1449 |

Hovedmengda av laksesmolt stammer frå eggplanting.
LFI har også føreteke yngelteljing på ulike stasjonar og det er godt med yngel av alle årsklassar.

**Fredning av villaksen i Daleelva.**
Ordninga frå 2011 vart vidareførti 2012. For å verna villaksen vart det innført total freding av all villaks. Ut frå eit forvaltningsmessig synspunkt er det riktig og beskatta fettfinneklipt kulitvert laks. Andelen av ffk laks hae vore ca. 32 %. Alt fiske vart avslutta 15/9. Mykje enklare for fiskarane å forholda seg til ein felles stopp

Organisasjonsnr.: 981 091 736

DALE JAKT & FISKARLAG
Postboks 30, 5721 Dalekvam
djf@djf.no www.djf.no

**Gytebestandsmål for Daleelva.**




Ser vi berre på villaksen (minus ffk laks) så er GBM målet nådd.
Viktig at vi har eit godt GBM slik at vi kan rognplante opp om anadrom del.

**Gytefisk og fansgstprosent for 2012**

| **Klasse** | **Gytefisk teljing** | **Stamfisk i anlegget** | **Totalt** | **Fangst, avliva** | **Totalt** | **Fangst i % av stamma i 2011** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum laks | 568 | 52 | 620 | 147 | 767 | 19,2 (32,3) |
| Tert | 172 | 17 | 189 | 46 | 235 | 19,6 (38,1) |
| Mellom | 353 | 33 | 386 | 91 | 477 | 19,1 26,0) |
| Stor | 43 | 2 | 45 | 10 | 55 | 18,2 (7,1) |
| | | | | | | |
| Sjøaure | 1121 | 0 | 1121 | 164 | 1285 | 12,8 (10,2) |

2011 i parantes

**Biotoptiltak.**
Tersklane i Raunhølen er nok bygd opp på nytt av NVE anlegg. En ny terskalen skal byggjast på Geitabakken.

**Open fiskedag 2012 laurdag 1/9-12.**
Deltakarar: Totalt 59 personar av desse var 16 personar under 16 år.

Fangst totalt: 2 laks og 2 sjøaurar.

*Fangst junior:*
Erlend Hermanrud: Villaks 1,86 kg

*Fangst vaksne:*

Organisasjonsnr.: 981 091 736

**DALE JAKT & FISKARLAG**
Postboks 30, 5721 Dalekvam
djf@djf.no www.djf.no

Tore Wiers: Villaks 10,5 kg
Torgeir Kleppe: Sjøaure 0,81 og 0,55 kg

Loddtrekning blant dei som deltok og ikkje fekk fisk:
2 fiskevesker inklusiv slukar og 2 frosne villlaksar.

God deltaking, litt fleire meir enn i 2011
Godt oppmøte under andesleppet til Dale Musikkforening. Dei underheldt med musikk før andesleppet.

Liten vassføring gjorde at fangsten vart mindre enn venta.
Årsak var at BKK hadde tekniske problemer med eit aggregat.

**Hjortejakta på Dalegården.**
Resultat fra trekninga:
1. jeger Jan Søvik
2. jeger Truls Langhelle
1. vara Jan Åge Knutsen
2. vara Arne Laastad
3. vara Frode Brattebø
Tal på dyr som vart felt, sjå årsmelding frå jaktutvalet.

**Meldte saker til politiet.**
Nok ein gong har laget måtta melda hærverk til politiet:
Sak 1
Januar vart det oppdaga innbrot på leirduebanen i Nordalen. Her vart det stole ammunisjon og og nokre premiar. I samband med oppklaringa møtte Harald, Idar og underteikna på Voss lensmannskontor for å sjå gjennom tjuvgodset. For å gjera ferdselen meir vanskeleg opp til banen vart det montert ein bom like oppom BIR stasjonen.
Sak 2
Onsdag 24/10-12 fekk vi melding frå Harald Lyngmo om ulovleg sprengning i Stemme. Området Stemme er eit viktig rognplantingsomåde for laks tilhøyrande Daleelva. Sprengningen gjorde skade på lakse- og aureyngel - 3 årgangar.
DJF kravde at gjerningspersonane vert tiltalt og straffa. Vi krev erstatning for tap av yngel og utsetting av yngel/ny rognplanting. Laget fekk hjelp av Uni miljø ved Tore Wiers for å rekna ut verdien av tapet. Gjerningspersonane har godt og betalt kravet.

**Fagrådet i Daleelva.**
Det årlege haustmøte vart utsett til januar 2013. Følgjande saker vart diskutert:
Ulovleg dynamitt sprengning i Stemmo, oppgradering av Dale klekkeri, EU' s vassdirektiv, kva innverknad vil det ha for Daleelva?, fangst i smoltfella 2012, fangststatistikk for 2012, nytt frå forvaltninga, gytefiskteljing i Daleelva 2012, Gytebestandsmål, NVE Vest elveførebygging i Daleelva 2012-13, biotoptiltak og info tavler

**Tilbakevanding av merka smolt – resultat i 2012.**

Organisasjonsnr.: 981 091 736

**DALE JAKT & FISKARLAG**
Postboks 30, 5721 Dalekvam
djf@djf.no www.djf.no

Dei pågåande merkaforsøka med smolt i Daleelva viser også i 2012 klare resultat. Smolt som vert slept ut til Herdla gjev større tilbakevandring samanlikna med dei som ikkje vert slept. 195 snutar er avlest så langt: 44 stk stammar fra 2009 årgangen, 115 stk frå 2010 og 36 stk frå 2011.

**Anna.**
Formannen har vore medlem av NJFF sitt Sportsfiskeutval i 6 år og har takka nei til gjenval. Formannen har helde eit foredrag om «»Frivilleg kultivering av Daleelva» på årsmøtet til KAF i Stjørdal

**Budsjett 2013**

| **Utgifter** | kr | **Inntekter** | kr |
|---|---|---|---|
| Klekkeri, drift og vedlikehald | 300000 | Sal fiskekort | 68000 |
| Oppgradering av Dale klekkeri | 2200000 | Grasrotandel | 2500 |
| Leirduebanen, drift og vedlikehald | 25000 | Leirduebanen | 32000 |
| Elveleige | 14000 | Kontingent | 10700 |
| Dalestølen | 1000 | Tilskot drift BKK | 224000 |
| Utgifter tilskipingar | 12000 | Samarbeidsavtale Havforskningsinstituttet | 20000 |
| Disponibel for styret | 15000 | Refusjon vetrinærkontroll frå HI | 25000 |
| Smoltfelle | 5000 | Renter | 15000 |
| Lysingar, gebyr og porto | 13000 | Inntekter tilskipingar | 5000 |
| Internet | 1500 | Utleige av brakke | 5250 |
| Biotop tiltak | 10000 | Refusjon av mva for 2011 | 24000 |
| Oppgradering - eigne midler | 200000 | Tilskot til oppgradering klekkeri | 1450000 |
| Sum | 2796500 | Sum | 1881450 |
| Driftsunderskot: | -915050 | | |

For styret
Inge Sandven
form.

Organisasjonsnr.: 981 091 736